



DISKRIMINERINGSNEMNDA

Årsrapport 2022

13.03.2023



Innhold

I. Leiarens fråsegn.....	3
II. Introduksjon til verksemda og hovudtal	4
Omtale av verksemda og samfunnsoppdraget.....	4
Omtale av organisasjon og leiing	8
Sekretariatet	9
Nemnda.....	9
Presentasjon av utvalde hovudtal	10
III. Aktivitetar og resultat i 2022.....	12
Samla vurdering av prioriteringar, ressursbruk, resultat og måloppnåing 2022	12
Resultat og måloppnåing i 2022	13
Rapporteringskrav: Gjennomsnittleg saksbehandlingstid	13
Rapporteringskrav: Etablera eit godt og effektivt lågterskeltilbod for saker om gjengjelding etter varsling	14
Nærare om behandla klagesaker	14
Saker avgjort i forsterka nemnd.....	18
Andre oppgåver	18
Arkiv og kjøp av nytt saksbehandlingssystem.....	18
Nettstaden	19
Promoteringskampanje.....	20
Fagleg kompetanseutvikling	20
Høyringsvar	21
IV. Styring og kontroll i verksemda	21
Tryggleik og beredskap	22
Personvern.....	22
Konsulentbruk	23
Lærlingar	23
Klima- og miljø	23
Korleis Diskrimineringsnemnda oppfyller aktivitetsplikta i likestillings- og diskrimineringslova §§ 24 og 26	24
Del 1: Tilstand for kjønnslikestilling	24
Del 2: Arbeidet vårt for likestilling og mot diskriminering	25
Likestillingsarbeid for Diskrimineringsnemnda som myndigheitsorgan	29

V. Vurdering av framtidsutsikter	32
VI. Årsrekneskap.....	34

I. Leiarens fråsegn

Året 2022 har vore nok eit produktivt år for Diskrimineringsnemnda med totalt 416 avvikla saker. Samstundes har året vore eit av dei mest krevjande åra sidan oppstarten i 2018.

Årsaka til at året har vore krevjande, er at arbeidspresset har blitt markant større, samstundes som at bemanninga i sekretariatet ikkje er auka tilsvarande. Diskrimineringsnemnda opplever endå ei stor auke i talet på mottekne klagesaker og det ser ut til å vera ei varig trend. I 2022 fekk Diskrimineringsnemnda totalt 574 nye klagesaker. Til samanlikning fekk me 513 saker i 2021, og 304 saker i 2020. Det vil seia at talet på mottekne klagesaker i 2022 nærast er dobla samanlikna med 2020.

Auken i talet på saker fører til at fleire saker vert avgjort i nemnd, og at det vert gjennomført munnlege forhandlingar i fleire saker. Me ser også at me no mottek meir krevjande saker, dels som fylgje av at myndigheitsområdet til nemnda er utvida på fleire felt på kort tid. Samla inneber desse tilhøva ei auke i ressursbruken og lengre saksbehandlingstid per sak, og me har no den største restansen me nokosinne har hatt.

Ressursane i 2022 er brukt til å oppfylla målkrava for året om at Diskrimineringsnemnda skal vera eit godt og effektivt handhevingsapparat og ha ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på maks 7 månadar. I tillegg skulle me etablera ferdig lågterskeltilbodet for saker om gjengjelding etter varsling. Me har også mellom anna måtta bruka mykje tid og ressursar på å skifta saksbehandlingssystem, samt oppgradera nettsidene våre i tråd med dei nye krava i WCAG 2.1.

Den samla ressursbruken vart halde innanfor godkjent løyving. For nærare detaljar visar eg til Del 6 Årsrekneskap.

Eg ynskjer å avslutta her med å rosa sekretariatet og nemnda for det solide arbeidet dei gjer kvar einaste dag for at Diskrimineringsnemnda skal levera så godt som mogleg på samfunnsoppdraget vårt og oppfylla krava departementet stiller til oss. Både resultatata for 2022, og opplevinga eg har som direktør, vitnar om at Diskrimineringsnemnda har ein arbeidsstyrke der både arbeidsviljen og arbeidskapasiteten er stor.

Bergen, 13.03.2023


Ashan Nishantha
direktør

II. Introduksjon til verksemda og hovudtal

Omtale av verksemda og samfunnsoppdraget

Diskrimineringsnemnda er eit domstolsliknande og uavhengig forvaltningsorgan som avgjer saker om diskriminering, trakassering og gjengjelding, inkludert seksuell trakassering og gjengjelding etter varsling i arbeidsmiljølova. Ein part, ombodet eller andre med rettsleg klageinteresse kan ta ein sak inn for nemnda. Nemnda fører ikkje tilsyn og kan ikkje ta opp saker på eige initiativ.

Diskrimineringsnemnda er administrativt underlagt Kultur- og likestillingsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet (saker om gjengjelding etter varsling i arbeidsmiljølova).

Beviskravet i saker om diskriminering, trakassering og gjengjelding er det same, uavhengig av om saka vert teke inn for nemnda, eller dei ordinære domstolane. Men nemnda er eit lågterskeltilbod og eit alternativ til domstolsbehandling i desse sakene. I tillegg spelar nemnda ei viktig rolle i rettsutviklinga både på likestillings- og antidiskrimineringsfeltet og innanfor feltet for gjengjelding etter varsling.

Det er gratis å få saka behandla, og partane vel sjølv om dei vil bruka advokat. Heile prosessen kan gjennomførast digitalt med nemnda sine skjema som er tilgjengelege på nettstaden, og dei som vil kommunisera per vanleg post kan gjera det. Det er difor ikkje naudsynt å møte motparten fysisk.

Det er ikkje mogleg å klaga anonymt. Prosessen i nemnda er lagt opp som ein kontradiktorisk to-partsprosess. Det betyr at partane som hovudregel får sjå alt motparten sender inn av informasjon og dokumentasjon, og får høve til å ta til motmæle. Nemnda gjev rettleiing om prosessen på vakttelefonen, som er open kvar dagar mellom klokka 10 og 14, og har også ei ordning for skrivehjelp for partar som ikkje kan skriva norsk eller få hjelp av andre. I tillegg har nemnda informative nettsider, der det mellom anna er lagt ut informasjon om prosessen, statistikk, avgjerder i anonymisert form og samandrag av sentral informasjon på totalt 10 ulike språk. Nemnda har vitnestøtteordning via Røde kors og kan tilby tolk i tråd med tolkelova. Me kan derimot ikkje gje råd eller annan partshjelp, fordi nemnda skal vera upartisk.

Til skilnad frå dei ordinære domstolane, har nemnda ei sjølvstendig undersøkingsplikt for å få saka tilstrekkeleg opplyst før den vert avgjort. Dei som førebur sakene i sekretariatet er alle juristar. Kvar sak vert avgjort av ein erfaren dommar. Dersom saka vert behandla i nemnd, vert saka avgjort av ein erfaren dommar i tillegg til to andre juristar. Alle i nemnda har spesialkompetanse innan rettsfelte nemnda handhevar.

Nemnda kan treffa vedtak eller gje fråsegner om at det føreligg brot på lovane nemnda handhevar:

Likestillings- og diskrimineringsloven (lov nr. 51/2017)
Arbeidsmiljøloven kapittel 13, med unnatak av § 13-1 tredje ledd (lov nr. 62/2005)
Eierseksjonsloven § 6 (lov nr. 65/2017)
Husleieloven § 1-8 (lov nr. 17/1999)
Bustadbyggjelagslova § 1-4 (lov nr. 38/2003)
Burettslagslova § 1-5 (lov nr. 39/2003)
Skipsarbeiderloven kapittel 10, med unnatak av § 10-1 (lov nr. 102/2013)

Nemnda behandlar også saker om gjengjelding etter arbeidsmiljølova § 2 A-4 og oppreisning og erstatning etter § 2 A-5, med unnatak av saker om oppseiing eller avskjed.

Diskrimineringsnemnda si verksemd er regulert av lov om Likestillings- og diskrimineringsombudet og Diskrimineringsnemnda (diskrimineringsombodslova nr. 50/2017) og forskrift om organisasjon, oppgaver og saksbehandling for Diskrimineringsnemnda (FOR-2017-12-20-2260). I tillegg gjeld enkelte av forvaltningslova og tvistelova sine reglar for saksbehandlinga.

Nemnda skal fyrst og fremst avgjera om eit tilhøve som er klaga inn for nemnda er i strid med likestillings- og diskrimineringsregelverket, eventuelt forbodet mot gjengjelding etter varsling. Nemnda kan i tillegg påleggja stans, retting og andre tiltak som er naudsynte for å sikra at diskriminering, trakassering, instruks eller gjengjelding sluttar, og for å hindra gjentakning jf. diskrimineringsombodslova § 11. Vidare kan Diskrimineringsnemnda treffa vedtak om tvangsmulkt for å sikra gjennomføring av eit pålegg, dersom fristen for å retta seg etter pålegget er broten.


Diskrimineringsnemnda kan tilkjenna oppreisning i arbeidstilhøve og erstatning i enkle sakstilhøve, dersom klagaren krev det. Nemndleiaren kan gje hastepålegg om retting, stans eller andre tiltak når ein sak ikkje kan venta på vanleg nemndbehandling.

Saksbehandlinga i Diskrimineringsnemnda er som hovudregel skriftleg, med moglegheit for munnlege forhandlingar avslutningsvis dersom nemndleiaren meiner at bevissituasjonen krev det. Partane kan på si side krevja munnlege forhandlingar i saker der det er kravd oppreisning og i saker om seksuell trakassering.

Nemnda behandlar alle klagesaker i ein instans. Det betyr at nemnda sine vedtak er endelege forvaltningsvedtak som ikkje kan overprøvast gjennom

forvaltningsklage. Vedtaka kan derimot takast inn for domstolane til full prøving av saka. Det same gjeld avgjerder om tvangsmulkt. Dersom eit vedtak eller ei avgjerd om tvangsmulkt ikkje vert teken inn for domstolane innan søksmålsfristen på 3 månadar, får avgjerda verknad som ein rettskraftig dom. Nemnda sine ikkje-bindande fråsegner kan derimot ikkje takast inn for domstolane. Dersom ein part ynskjer å få prøvd saka for domstolane, må parten i so fall ta ut søksmål mot motparten. Det kan parten gjera uavhengig av nemnda si fråsegn.

Diskrimineringsnemnda si resultatkjede:




Diskrimineringsnemnda har ein samarbeidsavtale med Digitaliseringsdirektoratet som inneber at direktoratet gjev ei IKT-fagleg fråsegn i klagesakene nemnda behandlar der det er påstand om brot på regelverket for universell utforming av IKT (typisk i appar og på nettsider). Diskrimineringsnemnda sin samarbeidsavtale med Digitaliseringsdirektoratet er ein tilsvarande avtale som det Likestillings- og diskrimineringsombodet hadde tidlegare med Difi. Bakgrunnen for samarbeidsavtalen er at det vert lagt til grunn i førearbeida til likestillings- og diskrimineringslova, Prop. 81 L (2016-2017) på side 214 og 325, at Diskrimineringsnemnda hentar inn slike rådgjevande fråsegner frå sektorbestemte handhevingsorgan og tilsynsmyndigheiter, dersom det er tvil om sektorbestemte lovar og forskrifter er fylgt.

Nemnda har også eit godt samarbeid med Likestillings- og diskrimineringsombodet for å ivareta god koordinering av rollane våre og sikra en fortløpande informasjons- og erfaringsutveksling oss imellom, slik at me utfyller kvarandre godt. Me har også etablert ein god kontakt med Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, samt Arbeidstilsynet med tanke på at me behandlar av saker om gjengjelding etter arbeidsmiljølova.

Omtale av organisasjon og leing

Figur 1: Organisasjonskart for Diskrimineringsnemnda



Diskrimineringsnemnda vert leia av direktør Ashan Nishantha. Kristine F. Sandven er assisterande direktør og Ingelin Gammersvik er mellomleiar. Arkivleiar er Helene Reksten.

Diskrimineringsnemnda er delt i ei nemnd og eit sekretariat. Sekretariatet førebur sakene, medan nemnda avgjer dei. I tillegg til å førebu sakene, inkludert å ha kontakt med partane, arrangerer sekretariatet møta i nemnda, lagar utkast til nemnda sine avgjerder og sørgjer elles for den daglege drifta av Diskrimineringsnemnda. Diskrimineringsnemnda har kontor i Statens hus i Bergen.

Sekretariatet

I 2022 har sekretariatet hatt totalt 26 tilsette (21 planlagde) fordelt på 19,15 utførte årsverk. Seks av dei tilsette jobba i leiinga/administrasjonen og resten var juridiske saksbehandlarar, faste og mellombelse. Ein juridisk saksbehandlar vart lånt ut til Norsk Kulturråd i ein periode på tre månader, i samband med forvaltninga av stimuleringsordninga for kultursektoren.

Fem tilsette, inkludert fire faste juridiske saksbehandlarar, slutta i løpet av 2022. Det vart ikkje gjennomført ordinære tilsettingsprosessar i 2022. Ein person vart tilsett av direktøren i ei mellombels stilling med varigheit på eitt år, som ledd i eit prosjekt etter initiativ av Kultur- og likestillingsdepartementet, knytt til kortare saksbehandlingstid innan saker om universell utforming av IKT. Våren 2022 hadde me ei seks månaders prøveordning med ei stilling som juridisk rådgjevar innan digitalisering, IKT og universell utforming frå og med 1. januar 2022. Det nye WCAG 2.1-regelverket utløyste eit ekstra behov for denne typen stilling. Stillinga vart forlenga ut 2022 på grunn av arbeidet vårt for å få nettsidene i tråd med WCAG 2.1, samt eit generelt behov for intern IKT- og digitaliseringskompetanse.

Våren 2022 hadde me ein masterstipendiat med skriveplass, medan me i månadsskiftet august/september hadde ein studentpraktikant. Praktikantane jobbar tilnærma likt som ein juridisk saksbehandlar, medan masterstipendiatane skriv masteroppgåva si med kontorplass hjå oss.

Nemnda

Nemnda var i 2022 delt inn i fem avdelingar. Kvar avdeling har ein nemndleiar. Alle nemndleiarar er dommarar eller har dommarkompetanse. Nemndleieren i avdeling 1, Ivar Danielsen, var administrativ ansvarleg for nemnda fram til han slutta i juni 2022. Reidun Wallevik overtok då som nemndleiar for avdeling 1, og som administrativ ansvarleg for nemnda.

Nemnda hadde i 2022 ti medlemmar og seks varamedlemmar. Dei fleste medlemmane og varamedlemmane er dommarar, advokatar eller juridiske professorar. Medlemmane vert normalt oppnemnd av departementet for ein periode på fira år, og for maksimalt to periodar.

Nemnda hadde i 2022 fylgjande faste medlemmar:

Nemndleiarar: Ivar Danielsen (leiar av nemnda og avdeling 1 fram til juni 2022), Elisabeth Deinboll (leiar avdeling 2), Torstein Frantzen (leiar avdeling 3) Reidun Wallevik (leiar av avdeling 4 fram til juni 2022, deretter leiar avdeling 1), Bjørnar Borvik (leiar av avdeling 4 frå juni 2022) og Anniken Mellegaard Douglass (leiar av avdeling 5).

Nemndmedlemmar: Gislaug Øygarden, Andreas Skoe Cederkvist, Jens Kristian Johansen, Usman Ivar Shakar, Møyfrid Eggebø, Thorkil H. Aschehough, Kirsti Coward, Lars Magnus Bergh, Tine Eidsvaag og May Britt Erstad.

Varamedlemmar: Henriette Nazarian, Marte T. Strand Sinkerud, Lola Magnussen, Eirik Eldjarn, Magne Strandberg og Maria Torvund.

Presentasjon av utvalde hovudtal

Tabell 1: Presentasjon av utvalde volumtal for 2020-2022

Volumtal 2020-2022	2020	2021	2022
Innkome saker til behandling	304	513	574
Ferdigbehandla saker	313	430	417
Saker bortlagt og avvist	123	171	140
Saker der nemnda har fatta eit vedtak i saka	31	45	71
Saker der nemnda har gjeve ei fråsegn i saka	76	82	75
Avgjorte saker med pålegg	3	1	17
Avgjorte saker med tilkjent oppreisning og/eller erstatning	9	11	14
Hastevedtak	2	0	0
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid	216 dagar (7, 1 månader)	133 dagar (4 månader)	182 dagar (6 månader)
Saker behandla i forsterka nemnd	1	2	4
Søksmål	0	0	0

Tabell 2: Nøkkeltal fra årsrekneskapen 2020-2022

Nøkkeltall fra årsregnskapet 2022	2020	2021	2022¹
Tilsette	26	23	25
Avtalte årsverk	19,10	21	21
Utførte årsverk	17,69	20,11	19,15
Samla tildeling post 01-99 inkludert overføring av mindreforbruk året før	23 286 000	23 402 000	26 325 888
Samla tildeling post 01-99 Stimuleringsmidlar til kultur, frivilligheit og idrett ism. Covid-19			232 000,00
Samla tildeling post 01-99 budsjettfullmakta frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet	3 000 000	3 000 000	
Totalt samla tildeling post 01-99	26 286 000	26 402 000	26 557 888, 00
Utnyttingsgrad post 01-29	90,48	96,35	95
Brukte midlar post 01-29 eks offentleg refusjonar løn	24 388 587,95	25 992 085,54	25 192 345,00
Tilgjengelege midlar post 01-29 + offentleg refusjon løn	26 954 203,00	26 975 337,00	27 068 538,00
Driftsutgifter Sum utbetalingar til drift inkludert investerings- og finansutgifter	23 720 384,95	25 418 749,32	25 470 994,00
Lønsandel av driftsutgifter i %	63,67	69,75	72
Utbetalningar til løn	15 103 465,50	17 730 025,96	18 260 218,92
Lønskostnadar per årsverk	925 838,76	948 132,62	953 536,24

¹ Det er ved ein feil brukt lønsutbetalingar (note 2 i årsrekneskapen) i utrekning av lønsandel av driftsutgifter og ikkje lønsutgifter unnateke konto 530-534 slik fotnote 10 i rettleiaren visar til. Det er difor noko feil i utrekningar av utnyttingsgrad for 2020 og 2021. Korrigert for «unntatt konto 530-533» er utnyttingsgrad for 2020 64 og utnyttingsgrad for 2021 70.

III. Aktivitetar og resultat i 2022

Samla vurdering av prioriteringar, ressursbruk, resultat og måloppnåing 2022

Diskrimineringsnemnda sitt overordna samfunnsoppdrag er å vera eit effektivt handhevingsapparat som avgjer dei diskriminerings-, trakassering- og gjengjeldingssakene som vert tekne inn for organet, med kvalitet på ekspertnivå. Kultur- og likestillingsdepartementet sette fylgjande overordna mål for Diskrimineringsnemnda i 2022:

«Effektivt håndhevingsapparat på likestillings- og ikke-diskrimineringsområdet».

Diskrimineringsnemnda sitt hovudfokus er difor å tilby ei effektiv og god klagesaksbehandling. Det meste av nemnda sin samla ressursbruk er løns- og honorarutgifter til tilsette og nemndmedlemmar, som gjev grunnlaget for å oppfylle dei to styringsmåla for nemnda i 2022:

- Maks 7 månadar gjennomsnittleg saksbehandlingstid
- Etablere eit godt og effektivt lågterskeltilbod for saker om gjengjelding etter varsling.

Diskrimineringsnemnda hadde ei stor auke i talet på inkomne klagesaker i 2021, noko som skapte ein nesten dobbelt så stor restanse ved årsskiftet 2021/2022 samanlikna med året før. I 2022 har i tillegg inkomne klagesaker halde fram med å stige, samstundes som talet på tilsette i sekretariatet har blitt redusert av budsjettmessige grunnar. Det har difor vore ei utfordring å halda saksbehandlingstida nede, og samstundes avvika like mange klagesaker som tidlegare. Dette har ført til at andre prosjekt og sideoppgåver har måtta bli nedprioritert og utsett.

I 2022 måtte Diskrimineringsnemnda i tillegg kjøpa nytt saksbehandlingssystem, fordi avtalen for det tidlegare saksbehandlingssystemet gjekk ut. Dette var eit arbeid som var heilt naudsynt, men som det vart brukt mykje tid og ressursar på. Det vart også lagt ned eit større arbeid med nettstaden til Diskrimineringsnemnda i 2022, for å få nettsidene i tråd med dei komande krava i WCAG 2.1.

Samla sett er Diskrimineringsnemnda nøgd med årsresultata, oppfylt måloppnåing og ressursbruk. Me har etablert eit lågterskeltilbod for saker om gjengjelding etter varsling, og samstundes klart å halda saksbehandlingstida under målkravet på sju månader. Det heile på trass av stort arbeidspress i sekretariatet og nemnda, og stigande tal på klagesaker inn.

Resultat og måloppnåing i 2022

Tabell 3 viser ei oppstilling av mål, styringsparameter og resultatkrav gjeve av Kultur- og likestillingsdepartementet, og Diskrimineringsnemnda sitt resultat i 2022.

Tabell 3: Oversikt over mål, styringsparametere, resultatkrav og resultat i 2022.

Hovudmål, styringsparametre og resultatkrav bestemt av Kulturdepartementet **Diskrimineringsnemnda sine resultat**

Hovudmål: Effektivt handhevingsapparat på likestillings- og ikkje-diskrimineringsområdet			
#	Styringsparameter	Resultatkrav	Resultat
S1.1	Gjennomsnittleg saksbehandlingstid	Maks 7 månader gjennomsnittleg saksbehandlingstid	Oppfylt (182 dagar, dvs. 6 månader).
S1.2	Etablera eit godt og effektivt lågterskeltilbod for saker om gjengjelding etter varsling	Sørgja for effektiv handheving av saker om gjengjelding etter varsling. Det skal rapporterast på den samla oppfølginga og resultat av innsatsen for gjengjeldingssakene etter varsling, inkludert talet på innkomne saker, talet på realitetsbehandla saker og talet på saker der nemnda konkluderer med at det har skjedd eit brot på forbodet mot gjengjelding etter varsling.	Oppfylt (sjå rapportering nedanfor).

Rapporteringskrav: Gjennomsnittleg saksbehandlingstid

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i 2022 var 6 månader (182 dagar), noko som inneber at resultatkravet er oppfylt. Saksbehandlingstida har derimot gått opp med to månader sidan 2021, dvs. auka med 50%. Alle saker, både saker som vert behandla i ordinær nemnd, lagt bort, avvist og avslutta utan avgjerd, har auka saksbehandlingstid samanlikna med fjoråret.

I tillegg ser me ein tendens til at fleire saker vert behandla i ordinær nemnd enn tidlegare. Dette er svært positivt, fordi det er eit teikn på at

Diskrimineringsnemnda stadig mottok meir relevante klagesaker. Desse sakene er samstundes normalt meir ressurskrevjande og tek lengre tid å behandla enn saker som vert lagt bort, avvist eller avslutta utan avgjerd. Det er også eit aukande tal på saker som vert behandla med munnleg forhandling.

Det er ynskjeleg at saksbehandlingstida på saker som vert behandla i ordinær nemnd er kortast mogleg. Dette er viktig for rettstryggleiken til partane som har saker hjå oss og for nemnda sin legitimitet meir generelt. Me jobbar difor for å redusera saksbehandlingstida. Utviklinga no går diverre i motsett retning. Saksbehandlingstida for saker som vart behandla på nemndmøter har auka frå 248 dagar i 2021 til 286 dagar i 2022. Dette er framleis langt under eitt år (350 dagar), som var talet for 2020, men me skulle gjerne sett at utviklinga gjekk motsett veg. Dersom innkomne saker fortset å liggja på same nivå framover, og nemnda ikkje vert styrka med ei auke i talet på tilsette i sekretariatet, er det ikkje tvil om at saksbehandlingstida vil halda fram med å auka vidare i 2023.

Rapporteringskrav: Etablera eit godt og effektivt lågterskeltilbod for saker om gjengjelding etter varsling

Diskrimineringsnemnda fekk myndigheit til å behandla saker om gjengjelding etter varsling i arbeidslivet 1. juli 2021. Sekretariatet jobbar aktivt med kompetanseoppbygging på området, og har gjennomført fleire kurs og seminar om emnet både i førebuingssfasen til me fekk myndigheita og etter. Det er etablert ei faggruppe internt i sekretariatet som behandlar desse sakene, og på den måten skapar me eit fora for erfaringsutveksling og spisskompetanse. Ved utgangen av 2022 har Diskrimineringsnemnda mottoke totalt 63 saker der gjengjelding etter varsling er ført opp som grunnlag. 42 av desse sakene fekk nemnda i 2022, mot 21 saker året før. Dette visar at tilfanget av saker er stabilt, ettersom nemnda berre hadde myndigheit til å behandla desse sakene halve året i 2021.

I 2022 avgjorde Diskrimineringsnemnda 16 saker om gjengjelding etter varsling. Tre av desse vart behandla i nemnd. To av dei nemndbehandla sakene resulterte i ei fråsegn om at det ikkje hadde funne stad brot på regelverket. Den siste saka vart dels avvist og dels gjeve ei fråsegn i om at det ikkje hadde funne stad brot. Av dei andre 13 sakene vart fire avvist, tre vart lagt bort, to vart avslutta utan at det vart teke avgjerd i dei fordi klagaren ikkje svarte på spørsmål frå nemnda om opplysningar som var naudsynte for å behandla saka, og dei fire siste vart trekt av klagaren. Diskrimineringsnemnda har i 2022 ikkje behandla saker om gjengjelding etter varsling der nemnda har konkludert med at det har funne stad brot på regelverket.

Nærare om behandla klagesaker

Me hadde 28 møter i nemnda i 2022. Til samanlikning hadde me 23 møter i

2021, og 21 møter i 2020. Det vert normalt halde to nemndmøter i månaden, med unnatak av juli. På grunn av overgangen til nytt saksbehandlingssystem hadde me ikkje nemndmøte i verken juni, juli eller august i 2022. I staden hadde me tre nemndmøte i månaden gjennom hausten.

Fire saker vart behandla i forsterka nemnd. Det vart tilkjent oppreisning og/eller erstatning i 14 saker.

Diskrimineringsnemnda hadde ved årsskiftet 2022/2023 ein restanse på 359 saker. Til samanlikning var restansen i 2021/2022 på 202 saker, medan restansen ved årsskiftet 2020/2021 var på 119 saker.

Tabell 4 nedanfor visar ein oversikt over talet på avgjorte saker og resultat i sakene for 2022.

Tabell 4: Oversikt over avgjorte saker i 2022, 2021 og 2020.

Oversikt over avgjorte saker i 2022, 2021 og 2020²

Kategori	Tal for 2022	Tal for 2021	Tal for 2020
Totalt avgjorte klagesaker	417	430	313
Saker med regelbrot	71	45	31
Saker utan regelbrot	75	82	76
Saker som er bortlagt	95	121	94
Saker som er avvist	45	50	29
Saker som er trekt eller avslutta pga. manglande oppfølging frå klagar	131	132	83
Hasteavgjerder	0	0	2
Avgjorte saker med tilkjent oppreisning og/eller erstatning	14	11	9
Saker avgjort med munnleg forhandling	34	33	15
Saker avgjort av forsterka nemnd	4	2	1
Avgjorte saker med pålegg	17	1	3
Avgjorte saker med tvangsmulkt	10	1	1

² Merk at enkelte saker tel fleire stadar. Resultatet i saka vert berre telt ein gong, men dersom saka til dømes har blitt hastebehandla, avgjort med munnleg forhandling, forsterka nemnd eller det har blitt tilkjent oppreisning og erstatning, vert saka registrert der også. Tala for dei to tidlegare åra i tabellen er endra i tråd med oppdatert statistikk på nettsidene våre.

Tabell 5 nedanfor visar statistikk over talet på avgjorte klagesaker sortert etter grunnlag i 2022. Også i 2022 behandla Diskrimineringsnemnda flest saker om diskrimineringsgrunnlaget funksjonsnedsetting.

Tabell 5: Statistikk over talet på avgjorte klagesaker sortert etter grunnlag i 2022, 2021 og 2020.

Talet på avgjorte klagesaker sortert etter grunnlag	Tal for 2022	Tal for 2021	Tal for 2020
Funksjonsnedsetting	111	124	96
Etnisitet	97	95	97
Alder	93	46	59
Kjønn	43	77	51
Individuell tilrettelegging for funksjonsnedsette	29	26	9
Seksuell trakassering	23	25	10
Omsorgsoppgåver	18	21	12
Politisk syn	18	17	4
Universell utforming – IKT	17	12	3
Ikkje opplyst om/ikkje verna	15	39	5
Graviditet	15	12	16
Gjengjelding etter varsling	16	8	-
Permisjon ved fødsel eller adopsjon	14	21	25
Livssyn	13	23	8
Religion	11	21	14
Kjønnsidentitet	10	15	6
Universell utforming - fysisk	9	11	13
Medlem i arbeidstakarorganisasjon	8	4	3
Kjønnsuttrykk	7	10	5
Seksuell orientering	7	5	4
Innhenting av opplysningar i tilsettingsprosessar	6	1	1
Lik lønn for arbeid av lik verdi	3	14	5
Arbeidsgjevar si utgreiingsplikt	2	1	1
Arbeidstakar sine rettar ved foreldrepermisjon	1	5	3
Arbeidsgjevar si opplysningsplikt ovanfor arbeidstakar	1	1	0
Individuell tilrettelegging for gravide	1	3	0
Innhald i læremiddel og undervisning	1	2	1
Arbeidsgjevar si opplysningsplikt ovanfor arbeidssøkjjar	1	2	0
Universell utforming – aktivitetsplikt	0	0	1

Me ser ei klar auke i saker som gjeld diskrimineringsgrunnlaget alder. Dei fleste av desse sakene er enten innanfor arbeidslivet, eller varer og tenester. Dei fleste av sakene innanfor samfunnsområdet varer og tenester, er saker mot utestadar med påstand om diskriminerande aldersgrenser.

Saker som gjeld universell utforming av IKT heldt også fram med å auka. Sakene gjeld i stor grad ulike appar og nettsider for varer og tenester og læremiddel i skulen som ikkje er universelt utforma. Dette er saker som krev både teknologisk og juridisk kompetanse. I behandlinga av klagesaker om universell utforming av IKT, er nemnda avhengig av Digitaliseringsdirektoratet sin kompetanse på dette området, der de tekniske sidene vert testa. På bakgrunn av testane, gjev direktoratet ei IKT-fagleg fråsegn til nemnda, som nemnda brukar i si juridiske vurdering av saka.

Som regel må det gjerast fleire testar og re-testar i den enkelte sak. Fyrst må ein klarleggja kva som ikkje er universelt utforma og deretter må ein gjera ein eller fleire re-testar for å verifisera om feilane er retta slik innklaga hevdar. I 2022 sendte Diskrimineringsnemnda 47 IKT-løysingar for testing og fråsegn til Digitaliseringsdirektoratet. Direktoratet har opplyst at arbeidet kravde 5,5 årsverk hjå dei. Saksbehandlingstida i denne typen saker er difor avhengig av kapasiteten i både Diskrimineringsnemnda og Digitaliseringsdirektoratet.

Dei fleste sakene som Diskrimineringsnemnda behandlar er innanfor arbeidslivet. Av 416 ferdigbehandla saker i 2022, gjaldt 177 av desse spørsmål om diskriminering/trakassering/gjengjelding i arbeidslivet. Heile 125 saker var innanfor samfunnsområdet varer og tenester i 2022. Til samanlikning var det berre 73 saker innanfor dette området i 2021.

Tabell 6: Statistikk over avgjorte klagesaker sortert etter samfunnsområde i 2022, 2021 og 2020.

Avgjorte klagesaker sortert etter samfunnsområde	Tal for 2022	Tal for 2021	Tal for 2020
Arbeidsliv	177	180	128
Varer og tenester	125	73	44
Offentleg forvaltning	47	68	59
Samfunnsliv	12	28	16
Utdanning	21	24	23
Bustad	15	24	18
Politi, rettsvesen mv.	6	13	16
Kombinasjon	3	10	4
Anna	10	9	3
Frivillig arbeid	1	0	2

Ingen av Diskrimineringsnemnda sine vedtak vart tekne inn for domstolane i 2022.

Me publiserer som nærast alle avgjerder som vert tekne av nemnda på heimesida vår, www.diskrimineringsnemnda.no og på Lovdata. Nokre få vert ikkje publisert på grunn av personvernomsyn eller fortrulegheit (gradering). Me publiserer [nyheitsartiklar](#) som omhandlar viktige avgjerder, og me har ei [abonnementsordning](#). Ved å melda seg på her, får ein tilsendt avgjerder og nyheitsartiklar frå den siste månaden.

Saker avgjort i forsterka nemnd

Forskrifta til diskrimineringsombudslova § 6 gjev nemndleiaren myndigheit til å avgjera at ei sak skal verta behandla i forsterka nemnd dersom særlege grunnar tilseier slik behandling. I 2022 vart fire saker behandla i forsterka nemnd.

Ei av sakene (sak 21/544) gjaldt spørsmålet om ein blomsterbutikk-kjede handla i strid med forbodet mot diskriminering på grunn av alder som fylgje av lønssystemet til verksemda. Nemnda konkluderte med at systemet braut med lova, og tilkjente klagar kr 57 836 i erstatning for økonomiske tap. Nemnda tolka i den samanheng førearbeida til diskrimineringsombudslova, Prop. 80 L (2016-2017) side 106, som seier noko om den summen nemnda maksimalt skal kunne tilkjenne i erstatning (kr 10 000), opp mot innhaldet i den lovfaste erstatningsheimelen i diskrimineringsombudslova § 12. På grunnlag av den totale rettskjeldesituasjonen, konkluderte nemnda med at lova sin klare ordlyd ikkje kunne setjast til sides. Nemnda kom soleis til at nemnda sin kompetanse difor ikkje er avgrensa til summen som var gjeven i førearbeida. [Avgjerda i sak 21/544 kan lesast på heimesida vår.](#)

Andre oppgåver

Arkiv og kjøp av nytt saksbehandlingssystem

Diskrimineringsnemnda har vore full-elektroniske sidan november 2018. I juni 2022 gjekk avtalen med Acos ut. Me skifta då sak- og arkivsystem frå Websak Basis til Elements Cloud levert av Sikri, etter ein offentleg kunngjort anskaffingsprosess. Diskrimineringsnemnda fekk hjelp frå Odin Prosjekt AS i prosessen, etter ein minikonkurranse om dette oppdraget.

Implementeringa og overgangen til det nye systemet tok mykje tid og ressursar internt. Det vart gjennomført ein risikoanalyse og ei vurdering av personvernkonsekvensar i forkant av implementeringa. I etterkant opplevde me mykje problem, både generelt med å få alle tilsette og nemnda over i det nye systemet, og problem knytt til mottak av post gjennom dei elektroniske skjemaer samt statistikken på nettsidene våre. Dette var eit arbeid som strekte seg over fleire månadar og involverte fleire av de tilsette i sekretariatet. Me måtte også avlysa nemndmøta i juni og august som fylgje av overgangen.

Ved overgangen vart det oppretta ein historisk base der dei pågåande sakene vart migrert over. På eit seinare tidspunkt, når uttrekk frå Elements Cloud skal avleverast til Arkivverket, vil historisk base avleverast på same måte.

I tillegg vart det oppretta ein eigen arkivdel i produksjonsbasen i Elements Cloud, der me skal digitalisera arkivet etter Likestillings- og diskrimineringsnemnda. Dette arkivet er allereie ordna av ASTA, men fordi digital pliktavlevering står på trappene til å bli vedteke, og me er samde i at dette arbeidet både er samfunnsøkonomisk og bedriftsøkonomisk lønsamt, startar me arbeidet no. Dette er eit prosjekt me vil jobba med over tid. Oppgraderinga er i tråd med den nasjonale strategien for bruk av skytenester, og me vonar at dette, saman med dei integrerte applikasjonane våre, vil gjera saksbehandlinga og kommunikasjonen med partane våre meir tilgjengeleg og effektiv.

Nettstaden

Arbeidet med nettstaden i 2022 har i all hovudsak dreidd seg om å få nettsidene i tråd med dei komande krava i WCAG 2.1. Dette har vore svært viktig for oss med omsyn til at alle skal kunna bruka dei og all den tid det er me som skal ta imot klagesaker på tilgjengelegheitsfråsegner. Året har difor vore prega av fleire hendingar som me ikkje hadde føresett omfanget av på førehand.

Som planlagt, vart fyrste kvartal brukt til å jobba med utvikling av nettsidene, der målet var å få dei i tråd med dei komande krava for universell utforming. Vår mellombelse IKT-ansvarlege i 2022, hadde fagleg bakgrunn frå Digitaliseringsdirektoratet, og gjennom dette fyrste hands kunnskap om kva som juridisk sett ligg i krava til tilgjengelegheitsfråsegna. IKT-ansvarleg stod soleis for mykje av arbeidet med klårgjering mellom oss og nettsideleverandøren. Endringane vart sette i produksjon fyrst seint på hausten, då me laut prioritera andre gjeremål fyrst.

På nettsidene våre har me ein søkefunksjon opp mot klagesaker, samt levande statistikk. Data som kjem opp her, vert direkte overført frå saksbehandlingssystemet vårt. Skifte av saksbehandlingssystem gjorde difor at me laut setja opp koplinga mellom saksbehandlingssystemet og nettsidene på nytt, og både nettsideleverandør og ny leverandør av saksbehandlingssystem måtte vera involverte. Overgangen baud på større utfordringar enn me hadde føresett og me jobba mykje med testing og feilsøking. Trass i førebuande møter med alle involverte, og ein plan for gjennomføring, var me ikkje i mål med denne delen av overgangen før seinhaustes 2022.

Kontrakten med nettsideleverandøren gjekk ut ved utgangen av 2022, slik at resten av hausten gjekk med til å offentleg kunngjera konkurranse og velgje leverandør for desse tenestene frå og med 2023. I prosjektgruppa sat

innkjøpsansvarleg, nettsideansvarleg, direktør og IKT-ansvarleg. Før sjølve overgangen jobba me med planlegging samt kompetanseoverføring mellom gamal og ny leverandør. IKT-ansvarleg og nettsideansvarleg hadde ansvaret for sjølve overgangen frå Diskrimineringsnemnda si side. Overgangen starta i desember, og var ferdig tidleg på nyåret 2023.

Promoteringskampanje

I 2022 gjennomførde Diskrimineringsnemnda ein kampanje retta mot «Pride»-markeringane i Bergen og Oslo i høve 50-års jubileet for opphevinga av den sokalla «homoparagrafen». Kampanjane var digitale og vart promotert via sosiale medium. I Bergen deltok også Diskrimineringsnemnda i Pride-markeringa ved å ha stand, og direktøren heldt eit føredrag om Diskrimineringsnemnda si myndigheit, og om kvifor ein skal bruka Diskrimineringsnemnda når ein opplever diskriminering og trakassering basert på seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

Fagleg kompetanseutvikling

For å vera eit effektivt handhevingsapparat med høg kvalitet på avgjerdene som vert fatta, er det svært viktig at både nemnda og sekretariatet heldt seg fagleg oppdatert og vert sikra fagleg utvikling. Året 2022 var eit spanande år på fagfronten innanfor likestillings- og diskrimineringsfeltet og det vart gjennomført ei rekkje føredrag i nemnda våren 2022.

I februar 2022 hadde Sivilombodet v/seniorrådgjevar Aronsen eit føredrag for sekretariatet om korleis Sivilombodet behandlar tilsettingssaker. I april 2022 heldt professor Magne Strandberg ved Universitetet i Bergen eit føredrag for sekretariatet om bevisbyrderregelen i likestillings- og diskrimineringslova § 37. Bevisbyrderregelen og beviskravet i likestillings- og diskrimineringsretten har vore gjenstand for debatt det siste året, særleg etter Høgsterett sin dom i den sokalla «Mekanikarsaka» (HR-2020-2476-A). I ljøs av dette var Strandberg sitt føredrag særleg aktuelt for nemnda, og Strandberg heldt difor føredraget på nytt for nemnda og sekretariatet under sommarseminaret i juni 2022. I mai 2022 heldt professor Anne Marie Frøseth ved UiB eit føredrag for sekretariatet om diskrimineringsansvar ved trakassering på digitale medium.

I juni 2022 vart det gjennomført eit to-dagars sommarseminar for sekretariatet og nemnda. Hovudtemaet for seminaret var kjønns- og seksualitetsmangfald, der mellom anna FRI og Trantastisk heldt to lærerike føredrag for oss. Likestillings- og diskrimineringsombodet heldt også ein presentasjon av rettleiingstenesta si, samt eit føredrag om refleksjonar rundt konvensjonane som rettskjelde og døme frå diskrimineringsrapporten for 2021. Me hadde også føredrag om gjengjelding etter varsling og universell utforming av IKT, særleg sett opp mot dei nye krava i WCAG 2.1.

Sekretariatet fekk i tillegg våren 2022 presentert masteroppgåvene til to masterstipendiatar som hadde hatt skriveplass hjå Diskrimineringsnemnda hausten 2021. Begge stipendiatane hadde skrive oppgåver om seksuell trakassering, med noko ulik vinkling: ein av stipendiatane skreiv om den nedre grensa for seksuell trakassering i ljøs av «Mekanikardommen», medan den andre skreiv om dei materielle vilkåra og handhevinga av forbodet, med fokus på Diskrimineringsnemnda sin kompetanse til å handheva forbodet.

Våren 2022 prioriterte også sekretariatet kontakt med nokre av dei andre offentlege organa innanfor likestillings- og diskrimineringsfeltet: Likestillings- og diskrimineringsombodet og Barne-, ungdoms-, og familiedirektoratet. Me jobba mellom anna med korleis organa best mogleg kan utfylla kvarandre, innanfor dei rammene som regulerer det enkelte organ sine oppgåver. Me hadde også gode møte med Arbeidstilsynet om saker om gjengjelding etter varsling for å læra meir om kvarandre slik at me kan utfylla kvarandre best mogleg i slike saker.

Hausten 2022 var preget av eit stort arbeidspress og ressursutfordringar hjå sekretariatet. Dette påverka også det faglege opplegget. Dei resterande midlane på fagbudsjettet måtte omprioriterast, og det faglege opplegget hausten 2022 vart difor avgrensa. Det vart gjennomført eit internt føredrag av fagansvarleg hausten 2022, om skiljet mellom direkte og indirekte forskjellsbehandling.

Høyringsssvar

I 2022 gav Diskrimineringsnemnda seks høyringsssvar. Høyringsssvara omhandla forslag til ny arkivlov, forslag om forlenging av reglane om koronasertifikat, mellombelse endringar i lovverket som fylgje av fordrivne frå Ukraina med rett til mellombels kollektivt vern, nytt lovforslag om forbod mot konverteringsterapi, utgreiing om gjennomføring av varslingsdirektivet i norsk rett og ratifikasjon av ILO-konvensjon nr. 190 om avskaffelse av vold og trakassering i arbeidslivet, og om endringar i arbeidsmiljølova sitt regelverk om trakassering. [Høyringsssvara våre kan lesast på nettsidene våre.](#)

IV. Styring og kontroll i verksemda

Vår overordna vurdering er at verksemda tilfredsstillar dei krava som vert stilt til styring og kontroll i ulike regelverk. Me har gode system, rutinar og arbeidsmetodar i verksemda.

Verksemda sine løns- og rekneskapstenester vert levert av Direktoratet for økonomiservice (DFØ) der me er fullservicekunde, og tenestene oppfyller krava som fylgjer av økonomiregelverket og økonomiinstruksen. I tillegg er økonomi-, innkjøp- og HR-ansvarleg hjå oss controller. Riksrevisjonen reviderer

rekneskapen vår. Innkjøp vert gjort i tråd med regelverket for offentlege anskaffingar og vår interne rutine for innkjøp.

Tryggleik og beredskap

Diskrimineringsnemnda jobbar jamt med tryggleik, beredskap og kontinuitet for å oppfylle gjeldande krav og føringar til digital tryggleik, informasjonstryggleik og personvern. I den samanheng visar me til vedlagte rapport om det konkrete arbeidet på området for tryggleik, kontinuitet og beredskap i løpet av året.

Personvern

Diskrimineringsnemnda har gode system for å ivareta personvernprinsippa og informasjonstryggleiken ved behandlinga av personopplysningar. I internkontrollsystemet vårt har me har ei samling dokument som skildrar rutinar og emne på personvernfeltet. Denne samlinga er ei viktig kjelde til oversikt og felles kunnskap for alle i verksemda, og ho vert oppdatert jamleg. I løpet av 2022 har det blitt lagt til ei rutine for sletting av personopplysningar og behandlingsoversikten har blitt oppdatert.

Ordninga med personvernombod har i 2022 vore organisert ved at to juridiske saksbehandlarar har blitt utpeika til oppgåva som personvernombod og fungerande personvernombod. Arbeidet er organisert som ei sideoppgåve til ordinær klagesaksbehandling for eit år om gangen.

Personvernombodet har eit fast punkt på dei månadlege verksemdsmøta, der meldte avvik i internkontrollsystemet vert gjennomgått, i tillegg til andre aktuelle saker på personvernfeltet.

I 2022 vart fråsegna for informasjonsskapslar på nettsida gjennomgått og oppdatert. I mars, i samband med skiftet av saksbehandlingssystem, gjennomførte personverngruppa og arkivleiar ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) av dei to systema det hadde komme tilbod på (Websak og Elements). Begge systema var NOARK-godkjende og vart vurdert til å oppfylle krava til informasjonstryggleik.

Etter at leverandør var valt, vart det gjennomført ei nærare vurdering av personvernkonsekvensar (DPIA). Dette arbeidet føregjekk i forkant av og parallelt med at systemet vart sett i drift.

Om hausten gjennomførte tilsette i sekretariatet medarbeidarundersøkinga MIST. Før medarbeidarundersøkinga, gjekk fungerande personvernombod og personvernombodet gjennom konsekvensar undersøkinga kunne ha for personvernet. Ved kjøp av ny leverandør for drift av nettsida, kom personvernombodet med innspel om mellom anna statistikkverktøy for nettsida.

Konsulentbruk

Sekretariatet for Diskrimineringsnemnda skal i fylgje tildelingsbrevet arbeida for å redusera konsulentbruken på områder der det ligg til rette for å bruka interne ressursar og kompetanse.

Diskrimineringsnemnda brukar konsulenttenester i svært lita grad. Så langt fagkompetansen er til stades i verksemda, freistar me alltid å få dekkja behova våre internt ved å frigjera kapasitet til gjennomføring av prosjekt.

I 2022 brukte me tenester frå Odin Prosjekt AS for å gjennomføra to offentlege anskaffingar over terskelverdi, hovudsakeleg på grunn av manglande kapasitet til å gjennomføra oppgåva sjølv, i tillegg til manglande tilgang på utlysingsverktøy i samband med kunngjering av konkurransar.

Lærlingar

I 2022 starta Diskrimineringsnemnda arbeidet med å knyta oss til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring, OK Stat som opplæringskontor og faget service og administrasjon.

I prosessen fram mot å bli godkjend lærebedrift har Diskrimineringsnemnda utpekt to faglege leiarar. For å bli godkjend som lærebedrift, måtte faglege leiarar, og verksemda elles, godkjennast av fylkeskommunen. Dei faglege leiarane har delteke på kurs i regi av Vestland fylkeskommune for å fullføra ei todelt obligatorisk opplæring.

Diskrimineringsnemnda fekk godkjenning som lærebedrift i service og administrasjonsfaget 7. juni 2022. Dei faglege leiarane vart godkjende 18. oktober 2022. Fordi verksemda og faglege leiarar vart godkjent så seint på året, har me ikkje hatt moglegheita til å vurdere å ta inn lærlingar i 2022. Diskrimineringsnemnda har derimot fullført kravet om å knyta seg til eit opplæringskontor. Kravet i årets tildelingsbrev er soleis oppfylt.

Klima- og miljø

Diskrimineringsnemnda jobbar for å ha klima- og miljøomsyn med i vurderingane av korleis kontorkvardagen for dei tilsette skal vera, ved mellom anna bruk av meir heimekontor og digitale nemndmøter, mindre papirutskrift og resirkulering av boss. Verksemda undersøkte i 2021 om det var tiltak som kunne setjast i verk for å medverka til å nå dei nasjonale klima- og miljømåla. Dei aktuelle tiltaka vart iverksett via HMS-handboka vår. Det vart ikkje planlagt eller påbegynt ytterlegare tiltak i 2022 fordi me meinte det var tilstrekkeleg å vidareføra eksisterande tiltak.

Korleis Diskrimineringsnemnda oppfyller aktivitetsplikta i likestillings- og diskrimineringslova §§ 24 og 26

Del 1: Tilstand for kjønnslikestilling

Plikta til å kartleggja lønstilhøve fordelt etter kjønn og bruk av ufrivillig deltidsarbeid skal skje annakvart år. Kultur- og likestillingsdepartementet la til grunn at kartlegginga skulle skje fyrste gong for årsrapporten 2021. Neste rapportering på dette blir då i årsrapporten for 2023.

Lønskartlegginga vert gjort i samarbeid mellom direktør og tillitsvalt. For 2022 vart det bestemt at kartlegginga skulle skje i gruppa for aktivitets- og utgreiingsplikta (ARP-gruppa), der også assisterande direktør, verneombod og ein juridisk saksbehandlar deltek.

Tabell 7: Kartlegging av kjønnsbalansen fordelt på stillingar og leiarstillingar i 2022. Studentengasjement er ikkje rekna med.

	Alle stillingar			Leiarstillingar		
	Talet på menn	Talet på kvinner	Totalt	Talet på menn	Talet på kvinner	Totalt
2022	6	18	24	1	3	4
2021	5	18	23	1	3	4
2020	5	16	21	1	2	3

Kartlegginga visar at kjønnsbalansen er ganske lik som tidlegare, med unntak av at me har fått ein ytterlegare mannleg tilsett. Dette er ein juridisk saksbehandlar i ei mellombels stilling på eit år. Kjønnsbalansen for dei faste tilsette er dermed den same som fjoråret.

Tabell 8: Kartlegging av kjønnsbalansen i sekretariatet for mellombelse tilsette, personar i foreldrepermisjon og deltidsarbeid. Tala refererer seg til alle som har vore tilsett i verksemda i løpet av 2022. Studentengasjement er ikkje rekna med.

	Mellombelse tilsette		Foreldre- permisjon		Faktisk deltid	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
2022:	0 %	100 %	3,1 %	0%	0	0
2021:	50%	50%	0,2%	0	6,3 %	0
2020:	50%	50%	1,7%	0	2 stk	0

Ingen tilsette jobba ufrivillig deltid. Dei mellombelse stillingane i 2022 var ei stilling som juridisk saksbehandlar, og ei stilling som juridisk rådgjevar i digitalisering, IKT og UU.

Del 2: Arbeidet vårt for likestilling og mot diskriminering

Diskrimineringsnemnda har som mål å vera eit førebilete for likestilling og ikkje-diskriminering i alt me gjer. Arbeidsplassen vår skal vera ein tilgjengeleg og god stad å arbeida for alle, og skal fremja likestilling og mangfald. Me ynskjer å ha ein jamn kjønnsbalanse og ha eit mangfald som speglar folkesetnaden elles. Dette står tydeleg i personalpolitikken vår.

Prinsipp, prosedyrar og standardar for likestilling og mot diskriminering

Likestillingsarbeidet vårt er forankra i personalpolitikken, ein eigen strategi for likestilling og mangfald, samt retningslinjer og rutinar elles i verksemda. Det står tydeleg i det skriftlege verdigrunnlaget vårt at Diskrimineringsnemnda verdsett mangfald og at likestilling er eit element me er medvitne om i alt me gjer.

I strategien vår for likestilling og mangfald skildrar me langsiktige og overordna mål som Diskrimineringsnemnda har som arbeidsgjevar, fordelt på dei ulike diskrimineringsgrunnlaga. Det vert også presisert kva overordna strategi Diskrimineringsnemnda har sett seg for å nå desse måla. Kvart år utarbeidar me handlingsplanar som ligg ved strategien, som vert fylgt aktivt opp gjennom året.

Slik jobbar me for å sikra likestilling og ikkje-diskriminering i praksis

Diskrimineringsnemnda jobbar aktivt, målretta og planmessig for å fremja likestilling og hindra diskriminering. Arbeidet er strukturert i ei eiga ARP-gruppe som er sett saman av direktøren, assisterande direktør, tillitsvalt, verneombod og ein juridisk saksbehandlar som prosjektleiar.

For å fylgje opp arbeidsgjevar si aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringslova § 26, gjennomførte Diskrimineringsnemnda ei risikokartlegging av dei ulike diskrimineringsgrunnlaga på ulike personalområder våren 2022.

Risikokartlegginga vart gjennomført av ARP-gruppa i form av ein workshop i mars 2022. Rettleiingane og malane frå Barne- ungdoms- og familiedirektoratet vart brukt som utgangspunkt for kartlegginga, i tillegg til risikokartlegginga som vart gjennomført året før.

Statistikk, medarbeidarsamtalar, medarbeidarundersøkingar og erfaringar vart brukt som grunnlag for risikovurderinga. Basert på risikovurderinga, vart det fastsett nye mål og tiltak som verksemda jobba vidare med gjennom året. Tiltaka vert presisert i ein handlingsplan med tilhøyrande fristar, og teke inn i verksemda sine verktøy for prosjektstyring.

Endringar som vert innført i verksemda sin personalpolitikk og andre skriftlege rutinar og retningslinjer som fylgje av ARP-arbeidet, vert presentert for dei tilsette i fellesmøte.

I desember 2022 gjennomførte ARP-gruppa ei evaluering av arbeidet med arbeidsgjevar si aktivitetsplikt. Her undersøkte me om me hadde gjennomført dei planlagde tiltaka for året og om tiltaka hadde den effekten me ynskte. I tillegg føretok me ei evaluering av korleis arbeidsprosessane rundt arbeidet og involveringa av dei tillitsvalte og tilsette fungerte, og om risikoundersøkingane me gjennomførte i år var tilstrekkelege, eller om me burde gjera andre typar undersøkingar.

Me oppdaga fylgjande risikoar for diskriminering og hindre for likestilling i 2022:

Under risikokartlegginga vert alle dei ulike grunnlaga på dei ulike områda som er nemnt i likestillings- og diskrimineringslova vurdert. ARP-gruppa tok utgangspunkt i risikovurderinga me gjennomførte i 2021, og vurderte om det var endringar i risikobilete eller om nye tiltak som burde setjast i verk. Gruppa var samde om at risikovurderinga frå fjoråret endå gav eit dekkande bilete. Samstundes vart det avgjort at me skulle gjennomføra nokre ytterlegare tiltak, spesielt på området for rekruttering. Dette fordi dette var eit område der me oppnådde minst resultat.

Oppfatninga vår er at Diskrimineringsnemnda generelt har gode rutinar, system og haldningar i verksemda som er eigna til å fremja likestilling og hindra diskriminering på ulike personalområder. Diskrimineringsnemnda har medarbeidarar med god kjennskap til, og interesse for, likestillings- og diskrimineringsregelverket. Det dannar eit godt grunnlag for ein arbeidsplass som fremjar likestilling og hindrar diskriminering. Nedanfor gjennomgår me dei funna som vart gjort på ulike personalområde, og kva tiltak som vart planlagt og iverksett i 2022.

Rekruttering

Diskrimineringsnemnda har ei målsetting om at våre tilsette skal spegla det faktiske mangfaldet i folkesetnaden. Me har endå ikkje fått det mangfaldet me ynskjer i tilsettegruppa, sjølv om det har blitt betra sidan etableringa i 2018. Me bestemte difor å setja inn nye tiltak på området i 2022.

Me ser det er lite mangfald i søkjarmassen vår. Difor vart mellom anna stillingsutlysingane som me har brukt tidlegare, nøye gjennomgått i ARP-workshopen, og det vart føreslått fleire forbetringar. Det var semje om at det skulle utarbeidast eit nytt forslag til utlysingstekst for juridiske saksbehandlarar, der me mellom anna er ekstra nøye på om me stiller for strenge kvalifikasjonar som gjer at søkjarmassen vår vert for snever. På grunn av manglande kapasitet, og fordi det ikkje var aktuelt å tilsette nokon i 2022, er tiltaket vidareført til 2023.

For å auke den interne kompetansen, deltok tilsetterepresentanten og tillitsvalt hausten 2022 på eit informasjonskurs om samarbeid med NAV i tilsettingsprosessar. Det vart i ettertid avgjort at Diskrimineringsnemnda skal vurdera deltaking i Traineeordninga for alle stillingar som vert lyst ut framover, og at Diskrimineringsnemnda så langt som mogleg skal freista å delta i ordninga. Dette vart teke inn og presisert i tilsettingsrutinen for Diskrimineringsnemnda. Det vart også avgjort at me ved neste rekruttering tek kontakt for å inngå eit samarbeid med NAV.

I juni 2022 oppdaterte me rutinen for tilsetting, og tok inn verkemiddel ein kan bruka i rekrutteringsprosessen, slik at me skal vera meir medvitne på dette i neste tilsettingsprosess.

Det vart ikkje gjennomført ordinære tilsettingsprosessar i 2022. En juridisk mann vart tilsett av direktøren i ei mellombels stilling som varar i eit år. Me har difor ikkje hatt moglegheit til å vurdera effekten av dei nye tiltaka endå.

Opprykk og utviklingsmoglegheiter

Personalpolitikken vår har tydelege kriterium for å sikra at stillingsopprykk vert gjeve på grunn av evner, prestasjonar, arbeidsoppgåver, kvalifikasjonar, erfaringar mv. Desse krava er like for alle. Det vart ikkje vurdert at det føreligg nokon risiko for diskriminering eller hindre for likestilling for nokre av diskrimineringsgrunnlaga under dette personalområdet. Det vart difor heller ikkje planlagt tiltak for dette feltet i 2022.

I 2021 vart det gjort ei presisering av utviklingsmoglegheiter for alle i personalpolitikken, samt rettar for gravide og foreldre som er i permisjon. Det var for tidleg å måla resultatet av tiltaka i fjor. Det vart difor bestemt å måla effekten av desse tiltaka ved å undersøkja det i medarbeidarundersøkinga for 2022.

I medarbeidarundersøkinga som vart brukt i 2022, var det ikkje mogleg å leggja til eigne spørsmål. Undersøkinga var difor ikkje eigna til å måla effekten av tiltaka me sette i verk i 2021. Til neste år har me difor bestemt at me skal vurdere om det er andre måtar som eignar seg til å måla effekten av tiltaka på.

Tilrettelegging for mangfald og moglegheit for å kombinera arbeid og familieliv
Diskrimineringsnemnda har ein tydeleg og uttalt ambisjon om å leggja til rette for tilsette som treng det, både som fylgje av til dømes funksjonsnedsetting, omsorgsoppgåver eller etnisitet. Fleksibel arbeidstid er med på å løysa nokre av dei praktiske utfordringane det er å kombinera arbeid og familieliv. I tillegg startar me aldri dei faste møta våre tidlegare enn kl. 09.00 og sluttar seinast kl. 14.30. Me har ei eiga allergi-liste for dei tilsette, og sørgjer for at det vert tilbydt likeverdige alternativ.

Etter risikokartlegginga i 2021, vart det gjennomført fleire tiltak på dette området, sjølv om risikoen vart vurdert som låg. Det vart ikkje avdekka ytterlegare risikoar eller hinder for likestilling etter gjennomgangen i 2022. Det har soleis ikkje blitt sett i gang nye tiltak på dette området i 2022.

Eit tiltak som vart vidareført frå 2021 til 2022 var å undersøkje moglegheita for eit universelt utforma saksbehandlingssystem. Dette tiltaket vart gjennomført i 2022. Arkivforskrifta § 11 stiller derimot krav til at offentlege organ skal bruka Noark-godkjende system ved elektronisk journalføring og arkivering. Av dei systema som er Noark-godkjende, tilfredstilte ingen krava til universell utforming. Det var difor ikkje mogleg å kjøpa eit universelt utforma saksbehandlingssystem.

Løn og arbeidstilhøve

Personalpolitikken inneheldt tydelege vilkår for fastsetting av løn på ulike stillingsnivå, lønsutvikling og individuelle lønsforhandlingar. Ved risikovurderinga avdekka me ingen risiko for diskriminering eller hinder for likestilling på dette området, og det vart difor heller ikkje planlagt tiltak.

Diskrimineringsnemnda har sjølv sagt som mål at tilsette skal ha lik løn for arbeid av lik verdi. I medarbeidarundersøkinga hausten 2022 rapporterte to personar at dei opplevde at tilsette var blitt ulikt behandla på grunn av kjønn, og ein person rapporterte om forskjellsbehandling på grunn av alder. Me har grunn til å tru at rapporteringa rettar seg mot området løn. Dette skal verksemda undersøkje og arbeida vidare med i 2023.

Hindra trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald

Diskrimineringsnemnda har nulltoleranse for mobbing, diskriminering, trakassering og vald. Dette går tydeleg fram av personalpolitikken og strategien for likestilling og mangfald. Me har ei eiga retningslinje for konflikthandtering.

Verksemda har tydelege rutinar for varsling og handtering av saker om trakassering, og desse er gjort kjend og er lett tilgjengeleg for dei tilsette i verksemda. Me vurderer at risikoen for at tilsette kan bli utsett for nokon form for trakassering eller vald er veldig låg.

Ingen tilsette meldte om trakassering, seksuell trakassering eller mobbing i medarbeidarundersøkinga for 2022.

Resultat av arbeidet og forventningar framover

Me er godt nøgde med gjennomførte tiltak og resultat så langt, men vil samstundes fortsetja å jobba med dette. Arbeidet i år har vore noko prega av det store arbeidspresset, der enkelte tiltak har blitt utsett av omsyn til kapasitet. Me tek likevel med oss evalueringa og tiltaka som står att vidare inn i arbeidet i 2023.

Likestillingsarbeid for Diskrimineringsnemnda som myndigheitsorgan

Diskrimineringsnemnda sitt samfunnsoppdrag er å jobba for eit Noreg med stadig mindre diskriminering og trakassering. Diskrimineringsnemnda har som mål å medverka til auka likestilling, mindre diskriminering og motarbeiding av stereotypisering gjennom utøvinga av samfunnsoppdraget. Dette jobbar verksemda med kvar dag gjennom å avgjera dei konkrete enkeltsakene som vert tekne inn for oss på ein effektiv måte og med høg kvalitet.

Diskrimineringsnemnda brukar heile det tildelte budsjettet til å medverka til redusert diskriminering og trakassering i Noreg. Dette gjer verksemda konkret både gjennom avgjerdene, skrivehjelp i klageprosessen for dei som treng det og gjennom oppdaterte nettsider med gode søkjeverktøy som for avgjerder og statistikk.

Vår oppfatning er at den beste måten Diskrimineringsnemnda som offentleg myndigheitsorgan kan gjera sitt for å fremja likestilling og hindra diskriminering, er å sikra kvalitetsmessig gode avgjerder innan kortast mogleg saksbehandlingstid. Samstundes må Diskrimineringsnemnda sitt samfunnsoppdrag, tenestetilbod og avgjerder bli gjort godt kjent blant folk flest. Dette vert gjort gjennom våre promoteringskampanjar, nettstaden vår, månadlege nyheitsbrev og gjennom informasjon om avgjerdene til media og relevante interesseorganisasjonar.

Offentlege myndigheiter si aktivitetsplikt inneber i tillegg ei plikt til å ivareta omsynet til likestilling og mangfald ved verksemda sitt offentlege tenestetilbod. Tenestetilbodet vårt, både klagesaksbehandlinga og nettstaden, skal være eit tilgjengeleg og likeverdig tilbod for alle.

Strategien for likestilling- og mangfald som me utarbeidde i 2021, skildrar langsiktige og overordna mål og strategiar for Diskrimineringsnemnda som offentleg myndigheitsorgan. Strategien skal vera eit styringsverktøy i dette arbeidet, og vert konkretisert i verksemda sitt årshjul og i årlege handlingsplanar.

Me får i hovudsak kunnskap om likestillings situasjonen på alle diskrimineringsgrunnlag gjennom klagesaksbehandlinga, gjennom vår daglege medievarsling frå fysiske og sosiale medium og ved å samarbeida og utveksla erfaringar med andre aktørar, særleg i likestillingsfamilien.

I 2022 gjennomførte me møter med både Bufdir og LDO, både for å utveksla informasjon om samfunnsoppdraga våre, og i samband med Bufdir sin planlagde kampanje for mindre diskriminering basert på religion, livssyn og etnisitet. Me hadde også møter med Arbeidstilsynet, knytt til Diskrimineringsnemnda si myndigheit til å behandla klager på gjengjelding etter arbeidsmiljølov. Eit viktig tema i møta med Arbeidstilsynet var korleis organa kan utfylla kvarandre best mogleg innanfor dette feltet.

Korleis arbeidde verksemda med å omsetta prinsipp, prosedyrar og standardar for likestilling og ikkje-diskriminering til handling?

For å sørgja for at Diskrimineringsnemnda sitt samfunnsoppdrag og tenestetilbod vert godt kjent i samfunnet, er promoteringsarbeidet vårt ein viktig faktor. I 2022 gjennomførte Diskrimineringsnemnda ein kampanje retta mot «Pride»-markeringane i Bergen og Oslo i høve 50-års jubileet for opphevinga av den sokalla «homoparagrafen». I Bergen deltok også Diskrimineringsnemnda i Pride-markering ved å ha stand, og direktøren heldt eit føredrag om Diskrimineringsnemnda sin myndigheit og kvifor ein skal klaga til nemnda dersom ein opplever diskriminering eller trakassering.

Diskrimineringsnemnda er opptatt av å møta partane med respekt uavhengig av diskrimineringsgrunnlag, og bruka kjønnsnøytrale ord og uttrykk i all vår kommunikasjon ut, både skriftleg og munnleg. I juni 2022 vart de gjennomført eit to-dagars sommarseminar for sekretariatet og nemnda. Hovudtemaet for samlinga var kjønns- og seksualitetsmangfald, der mellom anna FRI og Trantastisk heldt føredrag. Me hadde også føredrag om gjengjelding etter varsling og universell utforming av IKT, særleg sett opp mot dei nye krava i WCAG 2.1.

I 2022 arbeidde me vidare med å sikra universell utforming av tenestetilbodet på nettsidene våre, hovudsakeleg for å få nettsidene i tråd med krava i WCAG 2.1. Dette er veldig viktig for oss fordi me vil at alle skal kunne bruka nettsidene våre på like vilkår.

Me har også jobba med universell utforming av dei elektroniske nettskjemaene våre, særleg i samband med at me fekk nye skjema sommaren 2022. Mykje av arbeidet til no har gått på tilgjengeliggjering for skjermoppleisar. Dette arbeidet strekkjer seg inn i 2023. I samband med at me fekk nye elektroniske skjema, vart klageskjemaet oppdatert slik at det no er mogleg å velje pronomen.

Resultata som vart nådd og forventningar framover:

Vi er godt nøgde med arbeidet me har lagt ned på dette området så langt. Me fekk diverre ikkje gjennomført den planlagde brukarundersøkinga av tenestene våre, fordi det verken var økonomi eller kapasitet til å gjennomføre dette i 2022. Tiltaket vert difor vidareført til neste år. Me ser også føre oss for at me i 2023 vil fortsetja å prioritera arbeidet med universell utforming av nettsidene våre.

V. Vurdering av framtidsutsikter

Stortinget etablerte Diskrimineringsnemnda med føremål om å sikra eit godt og effektivt lågterskeltilbod, og eit alternativ til dei ordinære domstolane, i saker om diskriminering og trakassering. Grepet var viktig for å redusera diskriminering og trakassering i Noreg og for å oppfylle Noreg sine folkerettslege plikter. Sidan oppstarten i 2018, har nemnda ferdigbehandla 1556 saker innanfor sitt felt.

Frå og med 1. januar 2020 vart nemnda gjeve myndigheit til sivilrettsleg behandling av saker om seksuell trakassering. Frå og med 1. juli 2021 vart nemnda gjeve myndigheit til å behandla saker om gjengjelding etter varsling. Begge desse myndigheitstildelingane er eit supplement til slik behandling i dei ordinære domstolane og vart gjort for å senka terskelen for å ta slike saker inn til rettsleg avgjerd. Praksis og ei rekkje undersøkingar viste nemleg at svært få slike saker vart tekne inn for dei ordinære domstolane. Vidare er nemnda si myndigheit også utvida knytt til EU si skjerping av reglane om universell utforming. Nemnda er no også føreslått som handhevingsorgan for EU si neste skjerping (Tilgjengelighetsdirektivet) på dette området. Ein reknar med at direktivet får verknad frå og med 2025. Nemnda er i tillegg gjeven handhevingsmyndigheita knytt til arbeidsgjevar si skjerpa aktivitets- og utgreiingsplikt.

Talet på saker inn i nemnda er nærast dobla samanlikna med 2020. Diskrimineringsnemnda ser positivt på, og er nøgde med, at fleire brukar klageetilbodet. Dette vitnar både om at tilbodet som nemnda leverer vert meir kjend, men også at Diskrimineringsnemnda kan spela ei sentral rolle for å løysa dei utfordringane Noreg endå har med omsyn til diskriminering og manglande likestilling. Diskrimineringsnemnda står no i eit skjeringspunkt. Talet på tilsette har ikkje auka i takt med auken i saksmengda. Me har heller aldri hatt så store restansar som me har no, og saksbehandlingstida har diverre vore aukande sidan 2021.

I tillegg opplever nemnda kritikk frå ulike hald. Noko av kritikken skuldast nok diverre at feil eller unyansert faktum vert lagt til grunn for vurderingane som ligg bak kritikken, medan andre tilhøve er noko me absolutt lyt sjå nærare på og finna gode løysingar på. Me ser difor fram til evalueringa av nemnda som skal finna stad i 2023 og meiner ei slik evaluering er ein god måte å gripa fat i dette på.

Eit kvalitetsmessig godt og effektivt handhevingsorgan, er ein kostnadseffektiv og avgjerande enkeltfaktor i eit samla system for å redusera diskriminering, trakassering og gjengjelding. Det gjeld særleg dersom ein samanliknar driftskostnadane med dei samfunnskostnadane dagens tilstand har. Diskrimineringsnemnda treng ei vesentleg og varig økonomisk styrking framover.

Me treng også å sjå nærare på om andre delar at nemnda sine rammevilkår bør justerast noko slik at me kan møte dei som brukar nemnda på ein betre måte.

Ved å rusta og dimensjonera Diskrimineringsnemnda for framtida, vil nemnda kunne utføra samfunnsoppdraget sitt slik meininga har vore frå starten, og kunna fortsetja arbeidet på same nivå som fram til no. Det gjeld både med omsyn til å levera eit godt og trygt alternativ på feltet, med avgjerder av høg kvalitet, men også å vera ein sentral aktør innan Noreg sitt system for arbeidet mot diskriminering og for likestilling. Det skal ikkje vera tvil om at Diskrimineringsnemnda ynskjer at folk skal kjenna til tilbodet vårt, bruka det når dei har behov for det, og oppleve nemnda som eit effektivt og godt lågterskelalternativ til dei ordinære domstolane.

VI. Årsrekneskap

Kommentar frå leiaren om årsrekneskapen 2022

Nemnda fører rerekneskapen i tråd til kontantprinsippet.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagt i tråd med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kultur- og likestillingsdepartementet i instruks om økonomistyring. Rekneskapen gjev eit dekkjande bilete av nemnda sine tilgjengelege løysingar, samt rekneskapsførte utgifter og inntekter.

Vurderingar av vesentlege tilhøve

Diskrimineringsnemnda hadde ei samla tildeling på 26 325 888 i 2022 samt 232 000 i refusjonar frå Norsk kulturråd på utlånt personell frå våren 2022. Artskontorrapporteringa visar at rapporterte utgifter til drift (eksklusiv løn) utgjorde 6 229 671 kroner. Utbetalingar til løn og sosiale utgifter var på 19 473 324 kroner.

Riksrevisjonen er ekstern revisor, og stadfestar rekneskapen for Diskrimineringsnemnda. Årsregnskapet er per i dag ikkje ferdig revidert, men me forventar at revisjonsrapporten kjem i løpet av våren 2023, seinast 1. mai. Rapporten vil bli publisert på heimesida Diskrimineringsnemnda.

Bergen, 13.03.2023


Ashan Nishantha
direktør

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen til Diskrimineringsnemnda er utarbeidd og avlagt etter nærare retningslinjer fastsett i føresegnar om økonomistyring i staten («føresegnene»). Årsrekneskapen er i tråd med krava i føresegnene punkt 3.4.1, Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 og eventuelle krav slått fast at overordna departement. Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen fylgjer kalenderåret
- b) Rekneskapen inneheldt alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapesåret
- c) Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarar med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportera til statsrekneskapen. Sumlinja «*Netto rapportert til løyvingsrekneskapen*» er lik i både oppstillingar.

Verksemda er knytt til staten si konsernkontoordning i Norges Bank i tråd med krav i føresegnene punkt 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemdar får ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein rett til trekk på konsernkontoen sin. Ved årsslutt vert saldoen nullstilt på den enkelte oppgjerskonto ved overgang til nytt år.

Oppstilling av løyvingsrapportering

Oppstillinga av løysingsrapportering omfattar ein øvre del med løysingsrapporteringa, og ein nedre del som visar behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løysingsrapporteringa visar rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det vert stilt opp etter dei kapitela og postar i løysingsrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponera. Kolonna «*samla tildeling*» visar kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga visar i tillegg alle finansielle eigendelar og plikter verksemda står oppført med i staten sitt kapitalrekneskap.

Oppstilling av artskontorrapportering

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som visar kva som er rapportert til statsrekneskapan etter standard kontoplan for statlege verksemder og en nedre del som visar eigendelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassa. Artskontorrapporteringa visar rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapan etter standard kontoplan for statlege verksemder.

Verksemder har ein rett til trekk på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingane er ikkje inntektsført og difor ikkje vist som inntekt i oppstillinga.

Oppstilling av løyvingrapportering 31.12.2022

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling*	Rekneskapp 2022	Meirutgift (-) og mindreutgift
0350	Sekretariatet for Diskrimineringsnemnda	01	Driftsutgifter	A,B	26 325 888	25 470 994	854 894
325	Stimuleringsmidlar til kultur, frivilligheit og idrett ism. Covid-19	77	Driftsutgifter		232 000	232 000	
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Driftsutgifter			766 831	
Sum utgiftsført					26 557 888	25 702 994	854 894

Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling*	Rekneskapp 2022	Meirutgift (-) og mindreutgift
5309	Tilfeldige inntekter	29	Tilfeldige inntekter	Ymse	0	26 176	
5700	Tilfeldige inntekter Folketrygda sine inntekter	72	Arbeidsgjevaravgift - Folketrygda	Arbeidsgjevaravgift	0	2 386 286	
Sum utgiftsført						2 412 462	
	Netto rapportert til løyvingrekneskapan						23 290 532
	Kapitalkontoar						
60089201			Norges Bank KK /innbetalingar			519 600	
60089202			Norges Bank KK/utbetalingar			-24 012 685	
708049			Endring i mellomverande med statskassen			-564 279	

Sum rapportert				-766 831	
----------------	--	--	--	----------	--

Behaldningar rapportert til kapitalrekneskapet (31.12)				
Konto	Tekst	31.12.20 21	31.12.20 22	Endring
708049	Mellomverande med statskassen	-914 520	-1 478 799	-564 279

Note A Forklaring av samla tildeling utgifter			
Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla tildeling
350-01	905 888	25 420 000	26 325 888
325-77		232 000	232 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år				
Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-)/ mindre utgift	Sum grunnlag for overføring	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
350-01		854 894	854 894	854 894

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Diskrimineringsnemnda sitt sekretariat vart gjeven ei fullmakt til å belasta statsbudsjettet, kap. 325-77 i samband med at me lånte ut ein av våre juridiske saksbehandlarar til Norsk kulturråd i ein 3-månaders periode etter spørsmål frå departementet.

Det vart ført totalt kr. 232 000 på belastningsfullmakta på kap. 325-77, som tilsvara utgifttapet vårt i samband med utlånet.

Oppstilling av artskontorrapporteringa 31.12.2022 inkl. utgiftskapittel 325-77

	Note	2021	2022
Driftsutgifter rapportert til løyvingsrekneskapen			
Utbetalinger til løn	2	19 066 947	19 473 324
Andre utbetalinger til drift	3	5 919 068	6 229 671
<i>Sum utbetalinger til drift</i>		<i>24 986 015</i>	<i>25 702 995</i>
Netto rapporterte driftsutgifter		24 986 015	25 702 995
Investerings- og finansutgifter rapportert til løyvingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar/ datamaskiner	5	432 735	
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		<i>432 735</i>	
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		432 735	
Innkrevningsverksemd og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	-1 945	0
<i>Sum innkrevningsverksemd og andre overføringer til staten</i>		<i>-1 945</i>	<i>0</i>
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapittel *			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		-26 483	26 176
Arbeidsgjevaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		-2 349 288	2 386 286
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		813 367	766 831
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>		<i>-1 562 404</i>	<i>-1 645 631</i>
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen		23 854 400	24 057 363

Oversikt over mellomverande med statskassen	Note	2021	2022
Fordringar på tilsette		0	0
Kontantar		0	0
Bankkontoar med statlege middel utanfor Norges Bank		0	0
Skuldig skattetrekk og andre trekk		-917 930	-1 041 436
Skuldige offentlege avgifter		0	0
Pensjonspremie sett av til Statens pensjonskasse		0	-437 363
Mottatte forskotsbetalningar		0	0
Løn (negativ netto, for mykje utbetalt løn m.m.)		3 410	0
Differansar på bank og uidentifiserte innbetalningar		0	0
Sum mellomverande med statskassen	8	-914 520	-1 478 799
Kontrollsum netto rapportert til løyvingsrekneskapen			
Artskontorrapportering		23 854 400	24 057 363
Løyvingsrapportering		23 854 400	23 290 532
Kontrollsum mellomverande med statskassen			
Artskontorrapportering		-914 520	-1 478 799

Løyvingsrapportering		-914 520	-1 478 799
----------------------	--	----------	------------

Note 2 Utbetalinger til løn		
	31.12.2021	31.12.2022
Løn	14 233 450	14 758 328
Arbeidsgjevaravgift	2 349 288	2 386 286
Pensjonsutgifter	1 607 023	976 168
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-573 337	-510 650
Andre ytingar	1 450 523	1 863 192
Sum utbetalinger til løn	19 066 947	19 473 324

Note 3 Andre utbetalinger til drift		
	31.12.2021	31.12.2022
Husleige	2 041 281	2 106 652
Vedlikehald egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	39 864	
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	623 361	786 107
Reparasjon og vedlikehald av maskiner, utstyr mv.	0	1 857
Mindre utstyrskjøp	19 450	-503
Leige av maskiner, inventar og liknande	577 972	285 535
Kjøp av konsulenttenester	18 835	138 167
Kjøp av andre framande tenester	1 504 874	2 145 731
Reiser og diett	115 575	131 317
Andre driftsutgifter	977 855	634 808
Sum andre utbetalinger til drift	5 919 068	6 229 671

Note 5 Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar		
	31.12.2021	31.12.2022
<i>Utbetaling til investeringar</i>		
Immaterielle eigedelar og liknande	0	0
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	0	0
Infrastruktureigedelar	0	0
Maskiner og transportmiddel	0	0
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	432 735	0
Sum utbetaling til investeringar	432 735	

Note 6 Innkrevingsverksemd og andre overføringer til staten		
	31.12.2021	31.12.2022
Gruppelivsforsikring	-26 483	0
Tilfeldige inntekter	-1 945	
Sum innkrevingsverksemd og andre overføringer til staten	-28 428	0

Note 9 Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa			
Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa	31.12.2022	31.12.2022	
	Spesifisering av <u>bokført</u> avrekning med statskassa	Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomverande med statskassa	Skilnad
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i aksjar og andelar*	0	0	0
Obligasjonar	0	0	0
<i>Sum</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Omløpsmiddel			
Kundefordringar	0	0	0
Andre fordringar	0	0	0
Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
<i>Sum</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-1 017 919	0	-1 017 919
Skuldig skattetrekk	-1 041 436	-1 041 436	0
Skuldige offentlege avgifter	0	0	0
Anna kortsiktig gjeld	-183 655	-437 363	253 708
<i>Sum</i>	<i>-2 243 011</i>	<i>-1 478 799</i>	<i>-764 212</i>
Sum	-2 243 011	-1 478 799	-764 212
Kontrollsum rapportert mellomverande med statskassen			
Rapportert mellomverande med statskassen note 9		-1 478 799	

Løyvingsrapportering		-1 478 799	
----------------------	--	------------	--

Table of Contents

Vedlegg 1 til årsrapporten	2
ROS-vurdering ny nettsideleverandør	4
ROS-rapport ny nettsideleverandør	17
ROS-vurdering nytt saksbehandlingssystem - Elements	27
ROS-rapport nytt saksbehandlingssystem - Elements	33
ROS-vurdering nytt saksbehandlingssystem - Websak	43
ROS-rapport nytt saksbehandlingssystem - Websak	49
DPIA nytt saksbehandlingssystem	59

Vedlegg 1 til årsrapporten til Diskrimineringsnemnda

Unnateke offentlegheit, jf. offl. § 24, tredje ledd

Diskrimineringsnemnda jobbar jamt med tryggleik, beredskap og kontinuitet for å oppfylle gjeldande krav og føringar til digital tryggleik, informasjonstryggleik og personvern.

Diskrimineringsnemnda organiserer arbeidet i ei eiga tryggleiksgruppe, kalla «sikkerhetsgruppen». I 2022 har sikkerhetsgruppen vore sett saman av assisterande direktør (leiar av gruppa), rådgjevar innan digitalisering, IKT og UU, personvernombodet og ein ekstra personvernressurs. Gruppa møtest jamleg og jobbar med utgangspunkt i *NSMs grunnprinsipp for IKT-sikkerhet* og *Nasjonal strategi for digital sikkerhet*. Sikkerhetsgruppen er i tillegg med i *Nettverk for informasjonssikkerhet* i regi av Digitaliseringsdirektoratet, og deltek jamleg på dei gratis kursa som vert tilbydd der. Vidare kjem det viktige arbeidet som arkivtenesta vår gjer, som også har stor betydning for det samla tryggleiksarbeidet vårt. Endeleg har me eit løpande og godt samarbeid med IT-driftsleverandøren vår, der me har strenge krav til både informasjonstryggleik og personvern i avtalen mellom oss. Også dette er viktige aspekt i tryggleiksarbeidet vårt.

I 2021 gjennomførte KPMG ei temperaturmåling i Diskrimineringsnemnda, for å kartleggja status på informasjonstryggleik. Dette vart gjort på oppdrag frå Kultur- og likestillingsdepartementet og Digitaliseringsutvalet. Denne målinga viste at Diskrimineringsnemnda hadde tilfredsstillande kontroll innan dei aller fleste av NSM sine grunnprinsipp, og sikkerhetsgruppen jobba hausten 2021 med å fylgja opp og gjennomføra dei tilrådde tiltaka som kom fram i temperaturmålinga. Alle tiltak vart gjennomført hausten 2021, med unnatak av eitt, altså å gjennomføra ein årleg, overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for informasjonstryggleik.

Trass i eit utfordrande tryggleiksbudsjett, vart det likevel gjennomført fleire aktivitetar i 2022, i tillegg til jamlege møte i sikkerhetsgruppen. I den samanheng er det verdt å trekkja fram kriseøvinga vår i april, der HMS stod sentralt. Kriseøvinga var eit fyrstehjelpskurs i regi av Bergen brannvesen. I tillegg tok alle dei tilsette i sekretariatet kurs i NSM sine grunnprinsipp i 2022, og informasjonstryggleik vart gjennomgått saman med nemnda i samband med sommarseminaret i juni. Under den nasjonale tryggleiksmånaden i oktober, gjennomførte sekretariatet i Diskrimineringsnemnda eit eigeprodusert opplegg som mellom anna inkluderte diskusjonsoppgåver. Det er viktig med ein slik årleg tryggleiksmånad for å styrka det daglege fokuset på informasjonstryggleik, kva trugslar me kan bli utsett for og korleis me kan avverja dei ulike trugslane. Krise-, kontinuitets- og beredskapsplanen vår vert oppdatert årleg i ljøs av

utviklinga på dette feltet. Våren og sommaren 2022 gjennomførte personverngruppa vår ROS og DPIA i samband med overgangen til nytt saksbehandlingssystem. Hausten 2022 vart det gjennomført ROS før kjøp av ny nettsideleverandør. Risikovurderingane fylgjer nedanfor. Risikovurderingane har ei sterk side til informasjonstryggleiksarbeidet vårt fordi personvern og informasjonstryggleik er tett samanvevd. Risikovurderingane vert i stor grad overlappende og ein del av vårt samla HMS-arbeid. Endeleg vart det gjennomført ei oppdatering av personvernfråsegnene våre på nettsida og innstillingane for informasjonsskapslar (cookies) der.

At 2022 har vore eit krevjande år med omsyn til kapasitet, visar seg også innanfor arbeidet med tryggleik og beredskap. Det siste tiltaket frå temperaturmålinga, vart opphøveleg skyvd på frå 2021 til 2022. ROSen var heller ikkje mogleg å gjennomføra i 2022, fordi ein slik ROS krev hjelp frå IT-driftsleverandøren vår. Det vart det diverre ikkje funne rom for på budsjettet for 2022. Diskrimineringsnemnda har halde overordna departement løpande orientert om utsettinga gjennom budsjettdialogen og i etatsstyringsmøta og planlegg å få utført denne i 2023.

ID	Risikobeskrivelse Stikkord om: (1) innledende hendelse(r) (2) informasjonssikkerhetsbruddet (3) de uønskede konsekvensene som kan oppstå	Begrunnelse for konsekvensvurdering
R1	Manglende/mangelfull vaktordning hos ny leverandør, som gjør at vi ikke får tilstrekkelig bistand ved avvikshåndtering (dvs. av-indeksering og fjerning feilpubliserte avgjørelser fra nettet på en rask og grundig måte). Kan innebære brudd på konfidensialitet.	Kan få konsekvens for DN's omdømme og tillit, parter og lovkrav dersom opplysningene spres. Settes til høy pga eventuelle konsekvenser for partenes rettssikkerhet.
R2	Leverandøren sletter ikke personopplysninger som de får som følge av avvikshåndteringen (fjerning og av-indeksering av avgjørelser). Kan innebære brudd på konfidensialitet.	Kan få konsekvenser for DN's omdømme og tillit, parter og lovkrav dersom opplysningene spres. Settes til høy pga eventuelle konsekvenser for partenes rettssikkerhet.
R3	I leverandørens avvikshåndtering (fjerning og av-indeksering av avgjørelser) behandler de personopplysninger for DN. Ansatte hos leverandøren med tilgang kan lekke personopplysninger som gjør at utenforstående kan få tilgang på personopplysninger i strid med vår taushetsplikt. Vil innebære brudd på konfidensialitet.	Kan få konsekvens for DN's omdømme og tillit, parter og lovkrav. Settes til høy pga eventuelle konsekvenser for partenes rettssikkerhet.
R4	Utilsiktete personer hos nettsideleverandøren får tilgang til personopplysninger. Vil føre til brudd på konfidensialitet.	Kan få konsekvens for DN's omdømme og tillit, parter og lovkrav dersom opplysningene spres. Kan medføre at avvik må meldes til Datatilsynet. Konsekvensen derfor til høy.

R5	<p>Ansatte hos leverandøren endrer innholdet eller oppbyggingen på nettsiden uautorisert. Dersom de endrer informasjon om personer som har sine opplysninger på nettstedet (nemnda, PVO, direktør), kan dette medføre brudd på integritet. Eksempelvis kan dette gjelde opplysninger som privat adresse. Eller at de legger ut meninger vi ikke kan stå inne for etc.</p>	<p>Kan få konsekvens for DNs omdømme og tillit. Kan medføre brudd på personregelverket. Kan måtte melde avvik til Datatilsynet.</p>
R6	<p>Rettighet og tilgang til løsningen kan gå tapt ved overgang til ny leverandør fordi tidligere leverandør motsetter seg skiftet. Brudd på tilgjengelighet.</p>	<p>Rettstvist (økonomi) og omdømme og tillit (manglende hjemmeside over lang tid). Merarbeid for sekretariatet.</p>
R7	<p>Løsningen eller data går tapt ved overgangen. Nettsiden bryter sammen eller deler mister funksjonalitet. Brudd på tilgjengelighet.</p>	<p>Konsekvensen er nedetid og ressursbruk med rekonstruksjon. Kan få konsekvenser for DNs omdømme dersom lang nedetid. Skjemaene er publisert på nettsidene, vil ikke være tilgjengelige dersom nettsiden er nede.</p>
R8	<p>Leverandøren går konkurs før avtaleperioden er over.</p>	<p>Må sette i gang ny prosess for å finne ny leverandør og overføre løsningen. Vil dermed gi økonomiske konsekvenser, men ikke i et svært stort omfang.</p>

R9	Manglende IT-kompetanse i sekretariatet. Vi har liten kunnskap om hva som kan gjøres for å unngå risiko som teknisk svikt, og har derfor begrensede muligheter til å forebygge mot det	Konsekvensen er nedetid og ressursbruk med rekonstruksjon. Kan få konsekvenser for DNS omdømme dersom lang nedetid. Skjemaene er publisert på nettsidene, vil ikke være tilgjengelige dersom nettsiden er nede.
R10	De løsningene som Advenio har laget til oss spesifikt (API, nyhetsbrev, cookie-oppsett, kontaktskjema) er muligens satt opp på en ustandardisert måte. Vi risikerer at ny leverandør mangler kompetanse til å ivareta og videreutvikle en eller flere av disse løsningene.	Konsekvensen er ressursbruk med testing hos sekretariatet og potensielt at feil data eller andre feil i løsningen kan forekomme (feil søk og statistikk, manglende mottak av e-post via kontaktskjema, utkast til nyhetsbrev blir sendt ut). Særlig ved nedetid/feil på publisering av data fra rest-API fra Elements, vil kunne kreve svært høy ressursbruk for rekonstruksjon. Manglende avgjørelser ut på nett, fører til flere innsynskrav og det vil være krevende for den enkelte saksbehandler som ikke får ut saker. Vi har krav på oss fra departement og samfunn om å ha statistikk og avgjørelser tilgjengelig, men det er ikke lovfestet hvor hurtig slik tilgjengeliggjøring
R11	Nåværende leverandør er samarbeidspartner med IT-driftsleverandør Braathe. Vil en overgang innebære kontraktsbrudd med Braathe, evt. sikkerhetsbrudd da ny leverandør må ha tilgang til server hos Braathe?	Omdømme og eventuelt økonomi (rettstvist) dersom presmissene for å lyse ut vedlikehold er uklare
R12	Vi er avhengige av bistand for å løse endringsbehov vi måtte ha i fremtiden, ved endrede regelverk innen personvern (analyseverktøy og informasjonskapsler). Vi har derfor behov for å få gode opplysninger når vi spør, samt bistand til tekniske løsninger, i tråd med til enhver tids gjeldende regelverk. Manglende teknisk kompetanse og kjennskap til personvernlovgivningen hos en evt. ny leverandør innebærer at DN ikke klarer å oppfylle sine rettslige forpliktelser etter regelverket.	Kan få konsekvens for DNS omdømme og tillit, parter og lovkrav. DN klarer ikke oppfylle sine rettslige forpliktelser etter personvernregelverket.
